



Ullensvang kommune,  
Opheimsgata 31,  
5750 ODDA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Ullensvang kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Ullensvang kommunestyre har i møtet 21.12.2021, sak 129/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafor det bustadsosiale arbeidet i budsjetttdokumenta.

### Oppsummering

Kommunen bør ha årlege netto driftsoverskot på minst fire prosent av brutto driftsinntekter. Dette er i samsvar med kommunen sitt eige måltal for netto driftsoverskot. Kommunen har så høge inntekter at netto driftsoverskot bør vere på dette nivået. Kommunen har ei stor utfordring med at driftsnivået er høgt, og ein stor del av dei høge inntektene blir brukte i drifta.

Dispositionsfondet bør bli opparbeidd til ti prosent av driftsinntektene. Vi vurderer dette som eit føremålstenleg nivå på dispositionsfondet for kommunen.

Det er lagt opp til ein vesentleg auke i lånegjelda i planperioden. Det er viktig å dempe veksten i lånegjelda i åra framover og unngå at gjelda blir for høg. Lån bør i hovudsak vere avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.



## Budsjett 2022

I rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 57,8 mill. Det utgjer 3,5 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot for 2021 er brukt til å styrke disposisjonsfondet.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 34,8 mill. Det utgjer 2,4 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot er planlagt brukt til driftsfinansiering av investeringar og avsetjing til disposisjonsfond.

Kommunen har budsjettert med kr 328,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. I tillegg til dette kjem naturressursskatt med kr 46,0 mill.

Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 796,7 mill., medrekna naturressursskatt.

Inntektsprognosene for 2022 er oppdatert etter framlegget til revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposaljen. Pårekna auka inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i sammenheng med pårekna auka pris- og kostnadsvekst for kommunane i år.

Det er gjort vedtak om å skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav d (energi-anlegg og næring). Det er ikkje skrive ut eigedomsskatt på bustader eller fritidsbustader.

Det er budsjettert med kr 101,0 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var kr 107,9 mill. Budsjettert eigedomsskatt er fordelt mellom kr 81,0 mill. på kraft og kr 20,0 mill. på næring.

Det er budsjettert med heimfallsinntekter kr 13,4 mill. og sum kraftinntekter kr 73,35 mill.

Det er budsjettert med utbytte kr 6,0 mill. Dette er utbytte frå Hardanger Energi og Haugaland Kraft. Innkome utbytte i 2021 var kr 3,3 mill. Utbyttet kan bli noko høgare enn budsjettert i år.

Det er budsjettert med kr 57,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Alle lån er budsjeterte med ei avdragstid på 25 år, det vil seie 4 prosent årleg. Dette er i samsvar med det vi har tilrådd kommunen.

I 2022 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 328,3 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i VAR-sektoren til saman kr 110,6 mill. Den største investeringa elles er i nybygg Eide sjukeheim. Det er no gjort vedtak om investeringar i samband med ekstraordinært mottak og busetjing av flyktingar.

Investeringane i VAR-sektoren blir lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir andre investeringar finansierte med statleg investeringstilskot og driftsfinansiering.

Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 20,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var om lag kr 1,4 mrd. Dette utgjer 85,9 prosent av sum driftsinntekter, eller om lag kr 129.300,- per innbyggjar.



## Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det lagt opp til netto driftsoverskot på 2,6 prosent av driftsinntektene i 2023, redusert til 2,0 prosent i 2024 og 2025.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2021 kr 98,8 mill. Det utgjer 6,0 prosent av driftsinntektene. Det er lagt opp til netto avsetjing til disposisjonsfondet kvart år i økonomiplanperioden.

I økonomiplanen er det rekna med at kommunen si lånegjeld kjem til å auke vesentleg i planperioden som følgje av store investeringar og låneopptak. Låneopptaka er både knytte til ordinære investeringar og VAR-investeringar. Då økonomiplanen vart vedteken, var det lagt til grunn at kommunen si lånegjeld kom til å auke til kr 1876 mill. ved utgangen av 2025. Dette utgjorde om lag kr 172.000,- per innbyggjar.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Vedtekne handlingsreglar og måltal for kommunen er :

- Disposisjonsfond skal vere på ti prosent av brutto driftsinntekter
- Netto driftsresultat skal vere på fire prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere under landsgjennomsnittet inkl. Oslo

### Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har høge inntekter frå eidegomsskatt og andre kraftinntekter. Kommunen sine netto driftsoverskot er låge ut frå dei høge inntektene. Kommunen har ei stor utfordring med at driftsnivået er høgt og at ein stor del av dei høge inntektene blir brukte i drifta.

Kommunen bør frigjere ein større del av inntektene til avsetjing disposisjonsfond og til framtidige investeringar. Med kommunen sine høge inntekter, bør kommunen ha årlege netto driftsoverskot på minst fire prosent av brutto driftsinntekter i samsvar med måltalet. Måltalet på fire prosent i netto driftsoverskot er føremålstenleg i lys av kommunen sine høge inntekter.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2021 i underkant av kr 100 mill., eller 6,0 prosent av driftsinntektene. Fondet bør bli opparbeidd til ti prosent av driftsinntektene, i samsvar med måltalet. Det utgjer eit fond på om lag kr 165 mill., basert på inntektsnivået i 2021. Det er realistisk for kommunen å opparbeide disposisjonsfondet til dette nivået. Vi vurderer ti prosent av driftsinntektene som eit føremålstenleg nivå på fondet.



Kommunen har også eit måltal om at netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere under landsgjennomsnittet inklusiv Oslo. Dette måltalet er oppfylt for 2021. Det må likevel sjåast i samanheng med at kommunen har høge inntekter som bidreg til at nøkkeltalet for kommunen blir lågare. Lånegjelda må sjåast i samanheng med netto driftsresultat, som burde vore høgare for kommunen.

Det er lagt opp til ein vesentleg auke i lånegjelda i økonomiplanperioden. Det er viktig å dempe veksten i lånegjelda i åra framover og unngå at gjelda blir for høg. Vi rår kommunen til å avgrense nye låneopptak i stor grad i åra framover. Lån bør i hovudsak vere avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Brevet er godkjent elektronisk*